

Geir Styve, Hjelmåsen 37, 5915 Hjelmås

Postmottak@lindas.kommune

4/11/2019

Sak 18/3007 - Ulovleg tilkopling av avløp fra 202/108 inn på vårt kloakkanlegg

Viser til at Fylkesmannen i Vestland i uttale 24/10/2019 støttar Lindås kommune si avvisning av vår klage i sak omkring avløpsforholda på 202/108.

Fylkesmannen utalar: «*Vi er også einig i kommunen si vurdering av at eigar av eigedomen sjølv har eit ansvar for å sjå til at bygningane som vert kopla til vert brukt i samsvar med den bruken som bygget er godkjent for etter plan- og bygningslova. Lindås kommune har understreka at dei med løyve til tilknyting ikkje har tatt stilling til kva status bygningane har etter plan og bygningslova*». ... «*Fylkesmannen vil understreke at det berre er vedtaket om avvisning som vi har teke stilling til. Vi har med dette ikkje teke stilling til om det ligg føre ulovlege tiltak på gjeldande eigedom. Dette må takast opp på sjølvstendig grunnlag med kommunen.*» Dermed tek vi dette opp no, på sjølvstendig grunnlag, med kommunen.

I godkjenninga frå Lindås kommune av borehol, dok nr 18/3007 – 18/32472 datert 7.11.2018 heiter det: «*Det var den gang kun søkt om tilkopling for «hovedhytten» bygningsnummer 176294876. Dersom de resterande bygga også skal koplast til omsøkte borehol må dette søkjast om.*»

Situasjonen er :

- Byggjesaksavdelinga har gjeve løyve til anneks, på føresetnad av at det ikkje vert lagt inn vatn og avløp
- Byggjesaksavdelinga har sagt at slikt innlegg av VA må omsøkjast som byggjeløyve
- VA-avdelinga seier at det er tiltakshavar sitt ansvar å ha dette i orden, og gjev tilkoplingsløyve sjølv om ein veit at byggjeløyve ikkje er innhenta. Det er denne praksisen vi kritiserer, fordi den er uheldig for oss der 202/108 koplar seg på vårt anlegg utan byggjeløyve.

Tidlegare i denne saka måtte vi gå i Forliksrådet for å få tiltakshavar til å søkje Byggjesaksavdelinga om godkjenning av det alt etablerte boreholet. Grunnen var at Lindås kommune fann saka «bagatellmessig», og ikkje ville fylgje den opp. Er det dermed fritt fram for å kople seg på andre sine kloakkanlegg, i von om at vedkomande eigar ikkje vil ta bryet med sivilrettsleg pågang, og i visse om at kommunen ikkje vil fylgje det opp?

Vi ber om at Lindås kommune snarast syter for at tiltakshavar lovleggjer avløpsanlegget sitt som er tilknytt vårt private kloakkanlegg i Helleåsen, nærmere bestemt innlegging av VA i to anneks utanom hovedhytta på 202/108